

Rype-/skogsfugltaksering på Nes 2022

I regi av FJFF vart det i September taksert i ovanfornevnde område, for niande året.

Takseringsområde og metode (sonetaksering), er samsvarande med tidligare år. Området har store mengder sau, og av god grunn mtp sanking/ettersanking, og hjortejakt, er det sein taksering (05./13./ og 14.September). Taksering etter jakttidstart gjev litt utfordringar mtp tilgang til personell, og vi har måtte taksere mindre areal enn tidlegare. Denne takseringsrapporten gjeld Nesterrenget, men det er grunn til å tru at trenden er lik i heile dalføret. Vonaterrenget vart taksert noko seinare, og hadde noko betre resultat. Dette kan skuldast at terrengeti hovudsak er sørvendt, og har tidlegare snøsmelting/næringstilgang.

Takseringsforholda har variert frå varmt første dag, til fuktig, men øk siste to dagar.

Metode:

Vi har 13 års erfaring med «sonetaksering» frå Gaularfjellet, og nyttar også denne metoden her, i tillegg til Grøfjellområdet i Kinn/Bremanger. Takseringsresultata i våre områder, har godt samsvar med resultat frå vår landsdel. Taksering med hund er i hovudsak ideelt til lirype og orrfugl. Fjellrypa er vanskelegare å bestandsvurdere, men vert basert på tur/jaktmessig dekking av terrenget, sauesankarar, og andre.

Ekvipasjane har etter GPS-måling, gått 47 km, og med hund avsøkt 117 km på desse dagane. Eg opplever sonene godt dekkja.

Generelt:

Det er utfordringar knytta til vurdering av voksen rype vs kylling i denne tida, då kyllingane snart har same storleik som dei voksne.

Under August taksering er det noko enklare å vurdere, då storleiksskilnaden er større. Skrattande steggar og oppflukt av heile kull, gjev sikrast vurderingar.

Kjennskapen til kullplassane/revirområde er etter mange år god, og ein finn normalt voksenpar/kull i nærleiken av desse områda.

Taksering 2022:

Det var knytta stor spenning utvikling til lirypa dette året, då vi igjen fekk ein kald vår med sein snøsmelting. I tida før, og under klekking, vart det lave temperaturar og mykje nedbør. Dette held fram både Juli og August. (tilbakemelding frå sauesankarar, hjortejegerar og turgåarar var og dårleg)

Ein fellesnevnar er at kyllingane er relativt store og velutvikla. Dette er noko som tyder på at dei kyllingane vi ser, er i frå fyrste legging, og i lita grad omlagde kyllingar.

Vi ser nokre likheitstrekk med fjoråret, og det er store variasjonar i kullstorleikar også dette året. Dessverre er det eit auka antall par utan kylling, og dei fleste har med 2-4 kyllingar, og svært få med inntil 6-7 kyllingar. Men positivt at stamfuglen ser ut til å vere i reviområdet.

Vi har og observert mindre antal orrfugl på dei «faste» plassane, men verforhold kan ha innverknad på dette. Det beste orrfuglterrenget var taksert på ein varm/tørr dag, men fleire gode delar av terrenget hadde ingen observasjonar. Så dette kan tyde på ein nedgang.

Observasjoner

Lirype (voksne): 3 lirypepar utan kyllingar, i dei faste revira. + 6 par med kylling (redigert: seinare vart det observert 2 par til utan kylling)

Lirype (kylling) 18

Fjellrype: Vi brukar info frå sauesankarane, turgåarar : dvs små kull (1-3 kyllingar) og mindre antal kull observert enn vanleg. (var dårleg i dette området i 2021 også).

Orrfugl :2 stk, derav 2 hanar, 0 høner. 0 kylling.

Andre observasjoner

Ørn: Stadige observasjonar og vanskeleg å ha rett antal. Mindre observasjonar enn dei siste åra, men dette kan vere tilfeldig. Det vart jevnleg observert forholdsvis mykje ørn.

Ravn: 20 stk (dette i ein flokk) ellers sporadisk ved hjorteslakt plass.

Anna rovfugl (falk/hauk) noko mindre observert enn vanleg- 5 observasjonar.

Smågnagarar (lemmen/mus). Utruleg nok, ingen observasjon, så her må det ha vore bestandskrakk. I 2021 var det smågnagarår.

Hare: ikkje observert på taksering, og lite spor sist vinter.

Ein jevn bestand av småfugl i heile dalføret siste 2 åra. Enkelte bekasin/rugde

Ikkje observert rev, og lite ekskrement frå rev er observert.

Berekna kyllingproduksjon 2022

Vi har for **2022** berekna ein kyllingproduksjon på ca 2,0 kyllingar per par. Dette viser ein nedgang i høve **2021: 3,7, 2020: 3,5 2019: 1,6, 2018 5,2 og 2017 4,1** (3,3 kylling pr voksenpar er rekna som tilvekst lik null)

Takseringa, og observasjonar **pr no**, fortel om ein stabil **stamfuglbestand** i dalføret, sølv om vi også dette året, hadde håpa at det skulle vere relativt store kull, og etablering av nye kullplassar. Tilbakemeldingane frå folket som ferdast i området, sauesankarar, hjortejegerar, og turfolk, er observasjon av lite fugl. Men med bakgrunn i fjorårets tørke og dette årets fuktig/kalde klekking, er det vanskeleg å få nok kyllingproduksjon til å auke i stamfuglkapitalen i terrenget.

Spesielt for Nesmarka, er det her mykje nordhellande terreng, som igjen vert utsett for sein snøsmelting, og mindre næring i den akutte fasa i klekke/kyllingperioden. Dette såg vi på nordhellande terreng under takseringane på Gaularfjellet også.

Det er god kontroll på mår og røyskatt rundt Vonavatnet. Vi held fram uttak av predatorar med fellefangst av mår/røyskatt, og åtejakt/lokkejakt av rev. Det vart rekordstort uttak sist vinter, med 10 mår og 11 rev. (Nes/Vona) Kråke og ravn vert jevnleg felt.

Predatorarbeidet held fram, og vil forhåpentleg gje positive resultat framover. Det vert normalt observert mykje rovfugl, og predasjon frå desse freda artene, utgjer nok betydeleg skade for hønsfuglane.

Jaktuttaket har i fleire år vore minimalt, og langt under 15%, som forskarane tilrår som «ikkje skadeleg uttak» Merknad: det vart av ulike grunnar ikkje felt rype i Nesterrenget i 2021, og jaktveret sista haust lyt nok ta litt av grunnen til det.

Fjellrypa er vanskeleg å seie noko bestemt om, då vi ikkje fekk kapasitet til å ha folk i høgfjellet under takseringa. Hund kan normalt ikkje brukast til denne takseringa.

Områder rundt oss: Generelt er det meldt om ein nedgang i rypebestanden i Sør-Norge, men tilbakemeldingar viser ein del lokale variasjonar. (ref: Hønsfuglportalen) Fleire uavhengige rapportar frå ulike jaktområder og jaktforvaltarar, fortel om til dels svært dårleg klekking (Skjåk, Lom, Årdal, med fleire, har stoppa rype/skogsfugljakta). Takseringa vi hadde på Gaularfjellet i midten av august, viste også ein nedgang mtp kyllingproduksjon, men stabil stamfuglbestand. Svært ujevn kullstorleik der òg. (Det er verd å merke seg at dete er eit område med svært lite observasjonar av rov fugl, og ein aktiv predatorkontroll, som har pågått i mange år)

Dermed har vi relativt lik stamfuglbestand dei siste åra, og det har sålangt vore ei god investering å forholde oss til svært avgrensa uttak. Ref 15% regelen, der fokus vert sparing av stamfugl, og ideelt, med uttak av kyllingar. **Vi har sålangt lagt opp til tilbakemelding og jaktrapportering kvar dag, slik at vi kan justere kvote opp/ned, om det skulle vise seg å verte andre observasjonar enn takseringa gav.**

Orrfugl ser vi dessverre fortsatt for lite av, og denne har vore freda i mange år.

Hare svært lite observasjonar frå alle brukarar av terrenget, også mtp spor vinterstid, dermed ser det ikkje ut til å vere jaktbar bestand.

Bakgrunn for fleire år med avkorta jakttid: Vi har over fleire år hatt fokus på å ta vare på stamfuglen (lirype) i Nesmarka. Fjellrypa er ein meir flyktig fugl, og flyg over større områder. Den dannar flokkar allereie i August, og vårt moderate uttak på denne, har mindre innverknad for bestanden totalt sett. Likevel er den teken med i total årskvote, der vi håpar at uttak skal fordele seg nokonlunde likt mellom li og fjellrype. Vi har òg tenkt at i hovudsak vil det ved jakt på kvit vinterrype, vere uråd å skilje mellom artene, og mtp jakttrykk vil dette i hovudsak bli på lirype som sit i dalbotnen. Dette tenker vi vil gje eit større uttak av lirype/stamfugl, som vi er svært avhengig av for å auke grunnstammen. Det er og eit moment at rype som overlever starten på vinteren, har komt over «første kneiken», og har større muligheit for å bli vår produserande kapitalfugl til våren. Derfor er det større potensiale for bestandsreduksjon ved vinterjakt, enn ved haustjakt, der jakt trykket vert kontrollert fordelt på begge rypesortane, og på fugl som ikkje har

vore utsett for den naturlege dødeligheita. Vinterfreding er eit av dei vanlegaste jaktregulerande tiltaka. Ref forskning forankra i «Rypeforvaltningsprosjektet», H.C.Pedersen/Storaas, og Statskog rypeforvaltning v/Breisjøberget.

Fjff er ei foreining med ca 300 medlemar, og meiner at vi med vår regulering mtp kvote og dagleg jaktrapportering, har teke høgde for berekraftig forvaltning, sjølv om kyllingproduksjonen ikkje har gått som vi håpa. Vår tanke har sålangt vore at jegeren kan få teke turen med hagla i handa, og nyte flott terreng og rekreasjon.

Grunnprinsippet om å «så før ein haustar» og «hauste av eit overskot» er ein god leveregel.

FJFF: Jakttid og kvote 2022.

Med bakgrunn i den dårlege kyllingproduksjonen, og med fare for at jakt ville belaste stamfuglbestanden, vart småviltjakta på Nes beslutta **avlyst for hausten 2022.**

Vi har hatt tankar om det kan vere andre faktorar som spelar inn på dødeligheita, og den lave kyllingproduksjonen. Difor tok vi kontakt med Veterinærinstituttet for innsending av ryper for sjekk av helsetilstand, og parasittar. Vi vart tilrådd å sende 1 voksen og 2 kyllingar. Dette vart gjort, og vi fekk parasitanalyse, som er vidaresendt til NINA for vidare uttale. Underteikna er med i eit prosjekt i regi av Veterinærinstituttet for innsending av prøvar frå felt rev i området. Målet er oversikt over spreiding av «revens dvergbendelorm». Sålangt er prøvar frå 2 av 5 revar innsendt.

For Jaktutvalet Fjff

Rune Olsbø